

REGISTRERT I	
STIFTELSESREGISTERET	
SAKSÅR	BOOK NR
09/01916	98
1 JAN 2009	
ORG NR.	
993035181	TØE

STIFTINGSdokUMENT

FOR STIFTINGA TIL FREMJE AV REKRUTTERING OG KOMPETANSEUTVIKLING I SOGN OG FJORDANE

Stiftinga REKOMP er oppretta av Daa-fondet (org.nr. 987 470 283) ved underteikning av dette stiftingsdokumentet.

Stiftinga REKOMP sitt føremål skal vere:

Å løyve midlar som skal gå til å styrke rekruttering og kompetanseutvikling i privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane, med hovudfokus på drift av ei fylkesdekkande traineeordning for yngre personar med formell utdanning på høgskule/universitetsnivå.

Stiftinga sin grunnkapital skal bestå av 1.000.000,- kroner i bankinnskot. I tillegg kan det leggest inn anna eigenkapital i form av kontante midlar og andre eignelutar. Grunnkapitalen skal ystast av Daa-fondet innan 60 dagar. Ved å underteikne dette stiftingsdokumentet, forpliktar Daa-fondet seg til å yte grunnkapitalen, samt stå for ytterlegare innskot i form av kontantar og tingsinnskot i samsvar med løyvingvedtaket.

Grunnkapitalen kan brukast til utdelingar.
Stiftinga kan tilførast verdjar i form av pengar eller andre aktive frå Daa-fondet eller andre.

Stiftinga sitt fyrste styre skal bestå av:

NHO - Karin Helen Halle

Vara: Liv Bodil Baug - NHO

Kjartan Longva - Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vara: Arvid Langeland - LO

Vidar Grønnevik - styrerepr. Fjord Invest Sårkorn AS

Vara: Eli Førde Aarskog - styrerepr. Fjord Invest Sårkorn AS

Per Dag Nedreberg - Vest BussCar

Vara: Harald Husabø - Dooria AS

Irene Bøe - Bedriftsrepresentant

Vara: Svein Holen - Holen Installasjon

Randi Engen, Havyard

Vara: Stig Kristoffersen - Fjord1

Tenestetida for desse medlemmene skal vere fire år.

Stiftinga sin fyrste revisor skal vere Interrevisjon Fjordane.

Stiftingskostnadar vert dekkja av opprettaren.

Stiftinga sine vedtekter skal lyde:

VEDTEKTER FOR STIFTINGA REKOMP

§ 1 Namn

Stiftinga sitt namn er REKOMP.

§ 2 Føremål

Stiftinga sitt føremål er å løyve midlar som skal gå til å styrke rekruttering og kompetanseutvikling i privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane, med hovudfokus på drift av ei fylkesdekkande traineeordning for yngre personar med formell utdanning på høgskule/universitetsnivå.

§ 3 Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er på 1.000.000,- kroner.

§ 4 Styre

Styret i stiftinga skal bestå av 5 styremedlemmar.
Tenestetida for desse medlemmane skal vere fire - 4 - år.
Maksimum tenestetid pr. medlem er 8 år.

Styret konstituerar seg sjølv.

Val av styremedlemmar skal gjerast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

§ 5 Vedtektsendring / oppløysing

Vedtektene kan endrast av styret med 4/5-dels fleirtal.
Stiftinga kan oppløysast av styret med 4/5-dels fleirtal.

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal uttale seg før vedtak om vedtektsendring-/ oppløysing kan settast i kraft.

Ved oppløysing skal ev. attverande midlar nyttast til eit føremål som er til beste for å bidra til at Sogn og Fjordane vert eit attraktivt fylke å rekruttere medarbeidarar til.

§ 6 Revisor

Stiftinga sin revisor skal velgast av styret.

17. april 2008

Årsmøte Daa-fondet



Vidar Grønnevik
Fungerande styreleiar